



Vedtekter

Kraftfondet i Voss herad

§ 1 Heimel

Heimelsgrunnlaget kraftfond finst i Industrikonsesjonsloven (14. desember 1917 nr. 16), § 2, tredje ledd nr. 13, sjette ledd og Vassdragsreguleringsloven (14. desember 1917 nr. 17), § 11 nr. 2, andre ledd.

Vedtektene for Kraftfondet i Voss herad er vedteke i Voss heradsstyre 14. november 2024 i HS sak 94/24.

§ 2 Fondskapital og avkastning

a. Kraftfondet

Næringsfond (grunnkapital) på 90.000 kr og garantifond på 10.000 kr er innbetalt i medhald av konsesjonsvilkåra for Evanger kraftverk ved kongeleg resolusjon av 04.03.1966. Fondskapitalen er urørleg og står på eigen konto i bank.

b. Voss Ullvarelag

Grunnkapital på 220.000 kr pr 01.01.2018, er innbetalt i medhald av godkjenning av Stiftelsestilsynet. Fondskapitalen skal veksa for ikkje å tapa seg i verdi over tid.

Fondskapitalen skal veksa årleg med 5000 kr pr. påbegynt 100.000 kr i grunnkapital og er urørleg. Så lenge grunnkapitalen er under 300.000 kr skal det årleg leggjast til (2x5000) 10.000 kr. Så lenge grunnkapitalen er under 400.000 kr skal det årleg leggjast til (3x5000) 15.000 kr osv.

Avkastninga er årlege konsesjonsavgifter gjeve som vilkår ved kraftutbygging i Voss herad og renter og anna avkastning av fondskapitalen.

Kraftverkseigar	Kraftverk	Konsesjonsdato	Yting% (2010)
Hardanger Energi	Folkedal	2.7.1942	0,2
Voss Energi	Hodnaberg	13.7.1928	7,0
BKK Produksjon AS	Dale	13.07.1928 1948,1962,1964	32,6
	Evanger	04.03.1966	43,5



	Fosse	13.07.1928 1948,1962,1964	8,4
	Kaldestad	13.07.1928 1948,1962,1964	5,8
	Oksebotn	04.03.1966	1,0
Statkraft Energi AS	AS Bjølvo	07.04.2000	0,3
	Hove	27.06.1969	0,5
	Målset	27.06.1969	0,1
	Refsdal	27.06.1969	0,6

§ 4 Føremål

1. Kraftfondet skal nyttast til næringsføremål i Voss herad. Tiltak som er i tråd med den til ei kvar tid gjeldande planen for næringsutvikling i Voss herad og andre relevante planar skal prioriterast.
2. Kraftfondet skal også stimulera til næringsutvikling til det beste for husdyrbruket, der særleg sauehaldet er prioritert. Kraftfondet skal også stimulera til næringsutvikling til det beste for landbruket.
3. Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekkja dagleg drift av kommunen. Unntak er renter og avdrag på investeringar som er gjort i samsvar med fondet sitt føremål og løn til næringsseier eller tilsvarande, for å forvalta fondet.
4. Ein årleg sum vedteken av styret i Kraftfondet vert sett av til å sikra fleksibilitet gjennom året. Midlane skal forvaltast av næringsseieren og leiar i Kraftfondet dersom Kraftfondet/Utval for kultur og næring ikkje har oppsett møte i årshjulet. Dette gjeld saker som kjem inn under pkt.1 og 2 i vedtektene. Bruk av midlar etter dette punktet skal leggast fram snarast råd til Kraftfondet til orientering.

§ 5 Stønadsformer

Kraftfondet kan gje støtte til å gjennomføra større eller mindre utviklingsprosjekt. Eit prosjekt er tidsavgrensa og er ikkje dagleg drift. Det har klart definerte mål, tydeleg organisering, plan for gjennomføring, finansiering og venta resultat. Prosjektet skal bidra til å nå måla og vera i tråd med føremålet for ordninga. Det skal vidare vera forankra hjå søker og samarbeidspartnarar i prosjektet sine planar/strategiar, og i relevante kommunale planar.

§ 6 Stønadsvilkår

1. Kraftfondet legg opp til to årleg utlysing. Heradsstyret oppmodar til å setja søknadsfrist til januar og september.
2. Søknad og rapportering skal leverast i eige skjema utarbeida for Kraftfondet.
3. Tilskot som ikkje vert nytta innan 3 år går tilbake til fondet.



4. Bruken av fondet må vera i samsvar med det internasjonale regelverket Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.
5. Dersom det er aktuelt å nytta fondsmidlar som finansieringskjelde i kommunebudsjettet, skal Formannskap, plan og økonomi i budsjettprosessen senda saka til fondsstyret for tilråding.
6. Fondsstyret skal haldast orientert om søknadar som ikkje er sakshandsama, tilsegnsportefylgje og likviditet.
7. Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto. Renter og avdrag skal tilbakeførast fondet.

§ 7 Forvaltning

1. Heradsstyret delegerer avgjerdsmynde i kraftfondsaker til styret for Kraftfondet. Styret i Kraftfondet er Utval for kultur og næring.
2. Møte i Kraftfondet er opne møte med dei unntak som følgjer av Offentleglova, Forvaltningslova eller anna lovverk.
3. Særskilt søknadsskjema og skjema for rapportering skal publiserast på nettsida til Voss herad.

§ 8 Årsmelding og rapporteringsplikt

1. Fondsstyret legg årleg fram rekneskap og årsmelding til heradsstyret.
2. Kopi av rekneskap og årsmelding skal sendast statsforvaltaren og fylkeskommunen.

§ 9 Klage

Ein part kan klaga eit vedtak i fondsstyret inn til klagenemnda etter forvaltningslova § 28.3 eller fleire medlem av heradsstyret kan bringa ei sak inn til kontroll av lovgrunlaget etter kommunelova §59.

Det er utarbeida eigen reglement for sakshandsaming i kraftfondsstyret. Dette ligg på Voss herad si heimeside.